

# I U-LAGE'


Organ for Finnøy kristelige ungdomslag, nummer ein, årgang to. Laussalg kr. 10,-

## NYTT ÅR, OG NYTT I U-LAGE'!

I dette nummere har me enorme mengder kvalitetsstoff du kan få lesa – me nevne i fleng:

- Fellesmøderapport
- Nyttårsfestdekning
- Restefeststykke
- Ka skjer på Stikk Innom?
- Andakt av Silje V. Flesjø
- Og så videre og så videre og så videre!

*Te høyre: Arne Vidar Risa og Tom André Joakimsen prøve fortvila å få folk te å le på restefesten – trur du di klarte de?*





## ANITA SITT HJØRNA

Folkens! Me e gamle!

Året 1919 blei detta ungdomslaget stifta. Det va kanskje isje heilt likt på den tiå – kanskje dei isje hadde fjoskveldar og ekkelkveldar sånn så me har, men jilt hadde dei det nok. E jo litt stas då å tenka på at me får lov te å driva det vidare. Syns me klare det godt eg! Her i vegå sko klassen min på lærarskulen ha et foredrag om koss me ville laga et rusfritt alternativ for ondom. Me blei delt inn i grupper. Ideen så me på gruppå mi la fram va egentlig henta rett ud frå ungdomslaget. Læraren syns det virka ganske bra,

mens någon andre elevar i klassen slakta det. Det va altfor urealistisk å få te någe sånt! Å isje talom at det gjekk an å driva et ungdomslag på den måden! Blei me sårå og vonbrotne av det? Nei – va stolte eg. Tenk kor heldige me e! Det e få plasser dei klare å driva et ungdomslag slig så me har gjort her på øynå – tenk – heilt si 1919! Alt så skjer e frivilligt arbeid, å me drive på ein måte laget i samen alle mann. Neste år treng me nye folk te styrene. Konne du tenkt deg å vore med og ført detta me har her vidare? Eg føle meg heldige så får lov te å ver med her og hjelpa te. Får så møyje igjen for det! Oppfordringå e gitt!

**Vennlig helsing ein stolt formann**

## Redaktørens røyst...



Nytt år og nye mulighe-der e der någe så hette. For oss i aviså har de iallefall blitt slig, for dette e de fystssta nommere itte at me fekk positivt svar frå kommunen ved kultursjef Jon Asgaut på søknaden vår om ein del gratis kopier te aviså. De va ein store opptur for oss. Nå kan me selga aviså te 10 kroner, og då e der fleire så får råd te å kjøba na håbe me. I tillegg te å selga aviså på Lauvsnes prøve me på å senda na rundt te ein del folk så me håbe kan var interesserte i å abonnera. Håbe at ein del takke ja te det! Ellers så ser programmet te Ungdomslaget spennande ud for våren synst eg. Mången kjekke ting å sjå fram te. Me komme tebage te vårprogrammet i neste nommer av I u-lage'. God fornøyelse me aviså!

/kåre



## Kva ville Jesus ha gjort? - Andakt av Silje Vignes Flesjå

Det er fullt på alle treningsstudio for tida. Folk prøver febrilsk og få av seg dei ekstra kilo som er kome i løpet av jula, og alle startar med friskt mot. Me har nettopp gått inn i eit nytt år, og for dei aller fleste er det eit nytt år med nye moglegheiter. Mange har nyttårs føresett. Dei skal slutte å eta snop, dei skal trena kvar dag, og i det heila skal dei bli eit betre menneske.

Silje er 23 år, gift med Leif Jakob, og er styrar i Veslelia Barnehage

Det er ikkje sikkert at alle har eit føresett. Nokon har faktisk eit prinsipp at dei aldri skal ha eit heller. Likevel vil eg oppfordra alle til å tenkja over det forslaget eg skriv nå som eit føresett; **Før kvar ting du skal gjera, prøv å spør deg sjølv; Kva ville Jesus ha gjort.?**

I løpet av dagen er det mange avgjersler som må tas. Nokon er så vanlege at du ikkje tenkjar over dei, medan andre kan få skikkeleg store konsekvensar, og vera svære hovudbry. Då er det godt å han nokon til å spørja til råds. Kanskje du kan spørja mor, far, ein lærar, eller kanskje det er venene som er mest naturleg å spørja. Det er uansett godt å høyra kva andre meiner om saken. Eg trur me treng å bli flinkare til å spørja Jesus til råds. Det er trass alt han som veit kva som er best for oss. Mange svar kan me finna med å lesa i Bibelen eller å be.

Du har kanskje sett nokon gå rundt med armband med initialane W.W.J.D. Dette står for What would Jesus do? Meininga med det er faktisk at du framføre handlinga du gjer, skal tenkja etter kva Jesus ville ha gjort. Og når du ser på dette armbandet blir du minna på det. Kanskje fleira av oss, kunne trengt eit slik eit armband?

Fleire lurar på kor mange ting dei kan gjera, og likevel vera ein kristen. Denne trenden må me prøva å snu. Målet må ikkje vera å sjå kor langt bort i ein kan koma i frå Jesus, utan å falla i frå. Målet må heller vera å koma så nære han som mogleg, bli mest mogleg lik han. Då må jo det å stilla seg dette spørsmålet, om kva han ville gjort, vera eit stort steg i riktig retning.

Oppfordringa mi er at me prøvar å ta Jesus med i avgjerslene våre. Ikkje bare i dei store, men også tek i dei små daglegdagse.

Tenk etter.... Kva ville i grunnen Jesus ha gjort?

# Fellesmødene 9. – 20. januar

*Tekst: Kjetil Sevheim, Foto: Gøril Bleie*

I januar har de blitt ein tradisjon at dei forskjellige kristelige organisasjonane på Finnøy (NLM-NMS-Sion-Normisjon-Ungdomslaget-Menighetsrådet) arrangere fellesmøder. I år hadde me besøg av songevangelistane Egil Solheim å Arne Gundersen, bere kjende som bare Egil å Arne. Mødene føregjekk på Betel i frå onsdag 9.januar te sundag 20.januar me temaet nytt liv.

Opplegg e velkjent for dei som har gått på ein del slike "vanlige møder". Ein starte me forskjellige innslag frå de lokale miljøe for talarne tar seg av resten av møde. Fysst har ein någen allsogar, et åpning-sord, songinnslag å kanskje kollekt. Itte ei stonn tog Egil å Arne øve. Dei hadde eit par sengar før den eine av di talte. Så song dei litt te før den andre hadde ein kort appell. Til slutt åpna di for muligheden te å komma fram te forbønn å og få lov te å ta i mod Jesus som den frelsaren han e. Dette programme kjende ein igjen i frå møde te møde bare me små unntag.

Oppslutningå på mødene va litt opp å ne. Någen møder va der temmeligt folllt, mens der på andre møder bare va knappt hallfolllt. De så va beklageligt va at oppslutningå blant ungdommen va heller lavmål. De e feil at mesteparten av sedene ska bli varma av pensjonistar. Ikkje de atte de e gale at dei e der, men de e og viktigt at me ungdommar møde fram (komme tebars te de).

Budskabe desse to herrane hadde å komma me handla mōje om frelse for ufrelste. Ein del folk har nevnt på de at "ka om ein allerede e frelste". Å mødene va nok som sagt mest retta mod ufrelste. Men de e ikkje te å komma forbi at dette faktisk og gjelle for dei så allerede e frelste. Et uttrykk som daglig omvennelse e ting som kristne må tenka øve. Me må stadig bli minnte om de forferdeliga men dog så herrliga som skjedde på korset for rundt 2000 år si. Å tenk litt øve om der ikkje e ting me kan forbedra i våre liv og.

På fredag den 18.januar va dei i tillegg på besøg ude på Stikk-Innom. Her song dei et par sengar å hadde ein korte andakt. Dei så va der å hōyrte på syns dette va ei fine stonn. Någen nevnte på at de va kjekt å få någen så ikkje e finnøybuar te å halla andakt. Egil å Arne og satte pris på å få komma ud, så kanskje dette e någe me burde satsa meir på.

Adle har me nok litt forskjellige ting me sidde igjen me itte desse to vegene. Någen fekk ein liden oppvekkar, mens andre blei litt irritert øve forkynnelsen. Mens atter andre som for eksempel May Britt å Kristoffer huske best gitar, trekkspel å "Du er skyldig, skyldig". Men ikkje gløym at det va Han (Jesus) så blei skyldige.



## Intervju me Egil å Arne

**Fysst må eg bare vara heilt ærlige å sei at eg avtalte intervju me Egil og, men de va bare Arne eg intervjuar.**

Egil Solheim å Arne Gundersen e velkjende songevangelistar gjønå långe tier. Di har holdt på i heile 43 år me å reisa land å strand rondt. Innenlands å udenlands me å forkynna evangelie. De så drive di e ønske om å få fleire sjeler me te himmelen. Di ser og ein store glede i å få lov te å reisa rondt å forkynna et så flott budskab. Når eg spør om koss de har vore på Finnøy så seie Arne at de har vore ei fine ti. Men di blei litt skoffa øve oppslutningå te ungdommen. Itte de så har blitt di fortalt så hadde me et stort å aktivt ungdomslag her på Finnøy (någe som jo absolutt stemme), å då burde de og ha vore fleire ungdommar på mødene. Han fortelle at dette har blitt ein nød for di. Utviklingå ser ein i heila landet. Ja i heila Skandinavia e de slig. Nyleg hadde dei vore på besøg i Bukaresti i Romania. Når di hadde møder der nere så va der ein enorme oppslutning. Å de så va litt spesielt va at store deler av forsamlingane besto av ungdommar. Lignane hadde di og opplevd i Afrika når dei var der å forkynnte. Han fortelle meg at budskabe e de sama både te onge å gamle. Di onge har någe å lera av di gamle, å di gamle har någe å lera av di onge. Eg tar me ett eksempel så Jesus og brukte mōje. Om vintreet. Jesus e stammen å me e greinene. Både UNGE å GAMLE greiner e knytta fast te den same stammen. Slik har me samfunn me Jesus å me kvarandre. Så ungdommar: La oss ikkje var redde for å ta del i di "vaksnes møder" som någen hadde kallt de for.

Egil å Arne va på besøg på Stikk-Innom den eine fredagen. Dette va någe di satte stor pris på å få lov te. Arne fortalte meg at de va veldig kjekt å få komma ud å sjå koss me dreiv lage her på øynå. Di syns de va et bra tetag å likte måden me dreiv de på. Men di kunne godt ønskt seg at dette besøge va den fysste fredagen i plassen. Dette fordi di her fekk go kontakt me ungdommen någe så di savna ellers.

Til slutt vil Arne komma me ein liden oppfordring te oss. De e at me må lesa fast i Bibelen. Som de står i andre Timoteus 3,16-17: "Alle skrifter som er innanda av Gud, er og gagnlege til opplæring, til formaning, til rettleiing, til oppseding i rettferd, så det menneske som hōyrer Gud til, kan verta som det skal, dugande til all god gjerning." Slig får den Heilage Anden meir rom inni oss å me kan bli goe verktoy for Herren. Han så har



# NYTTÅRSFEST

*Tekst: Gøril Bleie*

*Foto: Gøril Bleie og Marianne Ildstad*

**Nyttårsfesten er eit av høgdepunkta til ungdomslaget. Tradisjonen tro blei det også i år arrangert nyttårsfest den 31. desember. Det var Kristoffer og Kjetil som fekk i oppgåve å få nyttårsfesten smertefritt avgåre.**

Tror ikkje dei to typene hadde heile kontrollen i byrjinga. Dagen før nyttårsfesten får eg eitt par telefonar frå ein lett stressa Kjetil som lure på kva tid festen skal begynne. "BLONDIE" Va du ikkje det blonde før, så e du det nå. ( Ert an...!). Ja, ja ska ikkje ver lett, men sånn bør du nesten veta når du er med og har hovudansvaret...! Då festen nærma seg kom programmet i boks og kvelden kunne komme.

Festen kom i gang, som planlagt(?) klokka 19.30. Kvelden blei opna med ein rap framført av Bjørnar B. og Arne Vidar. Gjennom denne fekk me veta litt om kva som skulle skje resten av kvelden. Hans Magne, Gunnhild og Halvard hadde kvar sitt vitnesbyrd for oss. Etter kvart blei me servert middagen. Kokane våre var som fleire år på rad Eirik Kongsvik og Øyvind Eggebø. Dei imponerte stort med desserten kor det i år ikkje var is som sto på menyen, men gele med vaniljesaus, ferdig servert på fat, pynta med krem og sjokolade. Geleen var laga av tre forskjellige fargar. Eg er mektig imponert. (Måtte nesten stappa gelen opp i nasen på Kjelly for at han sko kunne sjå fargane, men som de veit, det er tanken som teller...)Trur det må ha vært temmelig stress å laga. Elle kva Kongsvik? Middagen bestod som vanlig av svinnekam, kjempagodt! Servitørane var veldig flinke og kom med påfyll av saus eller kva som måtte trengast. Kjolen min blei iallfall tronge etter dette måltidet.

Til kyrkja det bar når klokka nærma seg 11. Silje og Trygve starta med å synga så fint for oss. Eg kom iallfall i

den rette stemminga etter denne flotte opninga. Lena leda an møtet og las diktet "Fotspor" til opning. Det var allsong og presten hadde ein andakt for oss. Janne og Lena song oss inn i det nye året. Kjempeflott! Det var planlagt ei stille stund, med tenning av lys og bøn, men då var allereie det nye året komen.

Tilbake på Utsyn braka det laus med rakettar, stjerneskot og klemming. Det nye året var nok ein gong komen. Vi blei ser-

verte kaker og frukt, mens det blei framført ein masse med underholdning. Kjetil, Kristoffer, Bjørnar J og B, Gunnhild, Magnhild, Solveig og Arne Vidar var namn som gjekk igjen på senen. Vi fekk sjå fleire boy-band, jegerar på mislykka ulvejakt, framvisning av juleevangeliet, miming av visse personar som låner jakka av dama si og snuse osv. Bjarne Håvard song etter musikk av eit svensk danseband. Denne musikken har eg og uheldigvis fleire av mine nære venner fått på hjernen sidan.. " Digeo, digedei... Alle tittar på meg..." Han hadde ikkje akkurat vide kler på seg og innlevinga var det ingenting å sei på. Alle fekk kjenne magemusklane sine i løpet av denne kvelden.

Anette stod for herrenes tale i år. Meget bra! Ho prøvde å snakka gutane til fornuft, med å slakte sjekke-triksa deira. Må nesten ta med vitsen som ho starta med;

"Det var ein gong tre gitar som var på fisketur då ei havfrue hadde forvilla seg inn i garnet deira. Havfrua lova at kvar av dei skulle få eit ønske oppfylt viss dei slapp ho laus. Karane tykte dette var vel og bra. Den første guten tenkte seg grundig om før han svara; Eg vil bli 50 gongar klokare. Havfrua knipsa med hendene og vips var den fyrste guten blitt 50 gonger klokare. Den andre guten tykte førstemannen gjorde eit smart val, og også den andre guten ynskja å bli 50 gonger klokare. Havfrua knipsa med hendene og vips var også han blitt 50 gonger klokare. Den siste guten tenkte han skulle være ekstra klok og ynskja seg dermed 100 gonger smartare. Havfrua virka skeptisk og fortalte at dette kunne føre til store komplikasjonar. Den tredje guten berre nikka og bed havfrua forta seg. Havfrua gjorde som guten sa og knipsa med hendene og vips så vart guten blitt til ei jente....

Damenes tale var det Arne Vidar som sto for. Den var ikkje fult så god.. nei da.. Han tok for seg kvinnes uregelmessige sinnsstemning. Mora fekk særlig gjennomgå under denne talen. Det var folk på senen fram til langt på natt. I siste innslaget vart alle gutane, som på ein eller annan måte hadde delteke på denne kvelden purra opp av Kjetil til å mimma etter "Westlife."



*Fira glae jenter på nyttårsfest, frå venstre Stina Skartveit, Anne Britt Bjerga, Marianne Ildstad og Kristi Landa*

Til slutt blei bord og stoler skjøve til sides og kvelden blei avslutta med ei korssamling. Kvelden blei perfekt!!!

Då kvelden på Utsyn var over fann nokon vegen heim, mens nokon rangla vidare til mårens..

# 2001/2002 – UTSYN

## Avdeling for ros

Kjetil Sevheim og Kristoffer Hodne Haugen. Må skrøyta litt av desse to karane; det ska tross alt litt te å få i gang ein slik fest. Ikkje bare fletta dei sammen programmet, men stod også for store deler av underhaldninga.

Det var også ein del andre personligheitar som stod i regien for nyttårsfesten. Anette B. var med i matkomiteen og hadde ansvar for å få kjøpt inn mat og for å få folk til å servere. Dette er ikkje den lettaste jobben!!! Eirik K. og Øyvind hadde som nemnt, ansvar for matlaginga.

Pyntinga var det Kristi som hadde ansvaret for. Ho kjøpte inn alt som trongst, fekk med seg nokon til å hjelpe å pynte og fekk det riktig så flott til slutt. Heldigvis hadde ho fått med seg ei jente som var flink til å rekne, elles er eg redd det hadde blitt ståplassar for minst halvparten...(ert na...)

Sene, lyd og lys, film må det og ha stått fleire i bresjen for, men dei har eg dessverre ikkje peiling på kven er. Ros til dei også..



Kjøkkengjengen og servitørane får endeleg litt matro. Frå venstre Hans Magne Alstveit, Eirik Kongsvik, Øyvind Eggebø, Janne Mjøltnes, Liv Elise Landa, Anne G. Flesjå og Jon Bråtveit



Ifølge artikkelforfattaren fortener denne mannen skrøyt for innsatsen sin i planleggina av nyttårsfesten



Det same gjeld for denne karen, Stikk Innom-formann Kristoffer Hodne Haugen. Goffaen poserar her, som så mange gonger før, med mat på veg inn i munnen. I u-lage har etterkvart ein del Goffa-bilder i arkivet, dei fleste av dei liknar svært på dette.

# RESTEFEST PÅ LAUVSNES

*Av Marie Lunde*

**Det blei restefest igjen på Lauvsnes bedehus. Tiå va lørdag den 5. januar klokka 8. Det var restene frå nyttårsfesten og stikk innom festen som skulle edast. Kjetil Sevheim, Svein Stang og Kristoffer H. Haugen var arrangørar.**

Eg va egentlig mett då eg kom fram te bedehuset, men gleda meg aligavel te at maden sko forterast. Det var fint pynta, litt ju-leaktig. Det var dekorert med syll papir, nærmare sagt alumini-umsfolie, og flotte bordoppsatsar. Bordoppsatsane var ganske enkelt lagt av et lite stykke granbar spraya med snøspray. Eg vett kje heilt kim så hadde ideen, men stilig va de vertfall! Det va lagt kvide papirdug på bordet, og de såg ud som di fleste koste seg.

Eg vett kje heilt kor mange folk der va tilstede, tellesansen min har aldri vert heilt te å stola på, spesielt når de gjelle circa tal. Men, det var ihverfall nesten 3 ”langbord” folle av svoltne ungdommar. Heilt folt var det dessverre ikkje, men det kom fleire utøve kvelden.

Festen starta med at Anette H. Broen hollt ein liten andakt der hu snakkte om kor bra det var at Gud leitte itte oss te han finne oss, uansett! Videre i programme blei de songe eit par sangar, før maden endelig blei lempa oppå store glastallerknar ude i kiosken. Det var Svein, Kjetil og Kristoffer som var kokkar og hadde stelli i stand måltidet. Ein kunne vella om ein litt ”spesiell” svinakamgryderett, eller oksasteig. Svinakammen va altså igjen frå nyttårsaftå, og oksasteigen va igjen frå stikk innom festen før jul. Eg smakte dessverre ikkje på gryderetten, men oksasteigen var god den. Ananas va kgypt inn som salat. Ris var det nok av, og goe saus va og lagt. Te dessert fekk alle gelè, som på nyttårsaftå. Litt lide av den sorten kanskje, men som kokk og arrangør Kristoffer sa: ”på ein restefest må me jo dela, det e jo litt av vitsen!” Ellers va de nok av sjokolade te å smatta på. Det va vel de folk åd mest av, tenke eg. Maden va altså veldig go, skryd te kokkane for den. Eg hørte vertfall ingen klager rondt bordet der eg sad.

Så va de ti for underhåldning, itte madspisingå. Ska sei... Dette sko Bjørnar (Bleie), Arne Vidar (Risa) og Tom Andre (Joakimsen) fiksa. Dei hadde lagt eit slags moderne skuespel om den barmhjertige samaritanen. Bjørnar i rolla som Den Blinde Mannen, Tommen som den som blei slått ner, rettare sagt offeret, og Arne Vidar skulle verr den barmhjertige samaritan. Dette trur eg... Kvar gong offeret blei brutalt slått ner av Den Blinde Mannen, kom ”den barmhjertige samaritanen” reddande inn. Eg vett ikkje om han var samaritan eller ka an va, (tvilsomme den der...) men han ga i hvert fall offeret: ein oppvaskkost, så han kunne kosta seg med, ei flaska, så han kunne flaska seg med, og til slutt, ein sko, for ka SKO han vel gjort uden ein sko? Ikkje spør meg! At det kunne verr ein moderne versjon av den barmhjertige samaritan tvile eg nok litt på. Men der stoppte altså morsomheden. Underhåldningå øve. De va vist morsomt det og for så vidt.



Over: Fire av grunnane til at ikkje alle fekk dessert på restefesten: Tone Sølvi Joakimsen, Halvard Lauvsnes, Åse Stang og Oddvar Vignes. Spesielt Tone Sølvi tok for seg av gelèen vart det rapportert frå Lauvsnes.



Til venstre: Inghild Skeiseid med ein nyreparert oppvaskmaskin etter eit aldri så lite under. Inghild meinte at me måtte be om at Halvard måtte komma å reparera, to minutt etter kom eks-formannen inne dørene!

Det va på denne tiå eg oppdagte at alt ikkje gjekk heilt så de sko denne gongen heller, me bilder og fotoapperat og sånt, så klart. Tvile på at me har de der heilt inne ennå... Gøril å eg sko ta bilder og vera fotografar. Eg sko fiksa nogen frå denne underhåldningå. Som sagt gjekk alt det der altfor fort. I alt mase oppdagte eg kje at kamerae va innstilt på laaange bilder før ittepå... Dei få, dårlige bildene eg hadde fått tatt av underhåldningå va blitt ennå verre. Meg og Gøril prøvde som galne å få tatt nogen andre, men då sviska kamerae totalt. Batterie flatt elle noge slikt. Eg hate å ta bilder, amatør på slikt.


Live går videre. Itte maten og underhåldningå, sang me fleire sangar. Inghild Skeiseid kom me et spontant vitnesbyrd om det å be oftare, f.eks. om at oppvaskmaskinen kunne bli fiksa, så oppvaskgjengen slapp å vaska opp alle dei skitne glastalleknane. Ikkje lenge ittepå blei oppvaskmaskinen fiksa av Halvard og oppvasken blei ikkje så tong! Heldigvis. Så, heilt te slutt, tid for vasking. Dette blei jo gjort med vannplask å tenårings skrig, som vanlig!, men itte nesten 1 time va bedehuse beseira og ferdig vaska.

Oppholde på Lauvsnes varte ikkje så veeldig lenge. Alt gjekk egentlig veldig fort (utenom vaskingå), men for dei som ville var de pepparkagehusknusefest heima sjå Inghild ittepå.

Det blei go mad og mette magari på dei fleste. Ein bra restefest, igjen!

## SJURS SYN PÅ LIVET

-av Sjur M. Nordbø



Det e ti for ei nye utgava av "sjurs syn på live" så egenhendicht har bestemt at denna spaltå ska hetta...I denna utgavå ska eg ta for meg chips...

Min generasjon har vokst opp me chipsen så ein naturlighe del av kverdagen. Derfor har me naturlight nåkk eit varmt å kjærnt forhold t an.. D e derfor et hån mot alle chips-spisarar av min generasjon at Kims har innført d nya systeme me 20% større posar...d hadde vert heilt greit viss di beholt di gamle goe posane..dåh hadde me waffal hatt et valg.. Men å laga posane 20% større, UDEN Å HA MEIR CHIPS OPPI, d e uhørt...å domt...eg vil som vanlight oppfordra alle så vil ha slutt på detta probleme t å gå t protestaksjonar..d einaste modna å retta å jør i denna situasjonen e å skriva et langht klagebrev me masse fine ord t kims der me fortelle på ein fine å moden måde at me vil ha slutt på detta tulle..men d så e litt morsomare å meir effektivt e å skriva et brev der du fortelle at du fant ei døde mus i chipsposen din, å trua me å gå t søksmål, detta søksmåle trekke du selvfølgeli t bage viss du får ein palle me chips sent hjem t deg..(porto fritt). Eg tror at viss nåkk folk senne inn brev me bilde av døde mus i chipsposar, å ei bøn om å få t bage den gamle chipsen vår, vil vår sprokkne, late tennårsstemme, snart bli hørt, å demokratiet vil seira..d har historien vist gang på gang... Men på ei aen sia har historien åg vist at d ishje å någon hindring å ver verken alkohlikar elle sexoman for å bli president i verdens mektigaste land, at råning (mot all sunn fornuft) e legalisert, at sørlenningar på 16år, la oss ishje nevna navn men la oss bare kalla hu for..nja.. Anette Helle Broen faktisk kan få 5er på prøvar, å at ingen dedikere live sitt t å få Dan Børge Akerø ut av tv-verden å inn i jobben som ein sleske bruktbilsellar, der han selvfølgeli hørre t... Når eg tenke meg om, så bevise bare historien at menneskerasen e udav stann t å løysa konflikter på ein bra å human måte, så koffår sko min genrasjon ver någe bedre..????

Eg oppfordre på ingen måte t blinn å meningslaus vold mot ledelsen i Kims, men meget målretta å meningsfull vold...

Takk for inspirasjon: Kjelly, Kåre, Ragnhild, Pappa

Redaksjonen har kun fått ett svar på julansisse-konkurransen vår frå forrige nommer. Svare så kom va te å me feil, men itte forespørsel frå innsendaren trykke me de i sin heilhed.

*Vyrde i-ulage-red.*

*Endeleg kom noko som passa for meg, - ei barneside. Nisseluer er det kjekkeste eg veit. Så då eg las julenummeret av I-ulage, ja då fløynde eg over av hjartevarme, kjærleik og krybbeglede. Men kven var dei tre nissane som smilte til oss på side 6?*

*Vel, eg gjekk laus på oppgåva med mitt sedvanlege konkurranseinstinkt. Denne tevlंगा ville eg vinna! Tenk om eg kunne gjera meg fortent til å vinna eit gratis nummer av I-ulage? Nisse nummer ein: Den var ikkje lett. Først trudde eg det var Osama bin Laden, men så såg eg at skjegget var fjerna. Vel nå har truleg også Osama fjerna skjegget for å ikkje bli kjent att i Kashmir-fjella. Då måtte det vera kyonprinsesse Mette-Marit. Men ved nærare augekast såg eg at denne nissen hadde så matte auge. Og Mette-Marit kan ikkje vera Matte-Merit. Men som alle veit Merit rimar på Berit, og Berit er mor til Kjetil. Altså Sevheim. Så no er eg sikker. Nisse nummer ein Kjetil Sevheim.*

*Nisse nummer to: Den var enkel. Sjeldan har eg sett ho vakrere: Ordførar Jorunn Strand.*

*Nisse nummer tre: Her må det litt tenking til. Etter å ha sveipa innom Arild Flesjå, Svein Stang, Ragna Nordbø og Ragnhild Skjelseid, så landar eg likevel på Marianne Ildstad. Eg veit det er eit dristig tips, men det var noko kjent med øyro.*

*Beste helsing  
Tor Øyvind Skjelseid*

*PS: Dersom eg har rett og vinn gratis nummer, då vil eg gjerne sleppa å betala for nummeret som kjem ut i mai. Då har eg nemleg bursdag.....*

I u-lage' vil frå og med dette nummeret kjøra ein serie så me kalle "MiniPortrettet". Her vil me presentera någen av dei så går på Lauvsnes.....

## MiniPortrettet - av Camilla

Navn: Andreas Nordbø

Alder: 13 år

Sivil status: Singel

Bosted: Nordbø, Finnøy

Kaffor går du på ungdomslaget?  
- Treffa venner, kjøba snob...

Går du her ofta?  
- Litt ofta.

Ka e kjekt me Stikk innom?  
- Biljard, gallerie...

E de någe kjedeligt?  
- Tja...bønnestonn.

Komme du te å gå ei stonn?  
- Ja.

Har du vore me på weekend, elle har du lyst å vær me?  
- Har kje vore me, men har lyst.

Konne någe vore bedre i ungdomslaget?  
- Nei.





## EIN VETERAN SNAKKAR UT

*Av Håvard Mjøltnes Helle.*

**Ja, ja så er det på tide for meg denne gongen og skriva ned eit intervju. Eg fekk i oppgåve å intervju ein Stikk innom veteran. Ja kva meiner du Kåre med veteran? Eg legg i det uttrykket ein i dette tilfelle som har gått lenge på Stikki og går der enno er du usamd? Kver med sitt i tilfelle. Ein veteran er og blir ein veteran som er aktiv enno, men viss det er ein gamal veteran er det noko heilt anna. Ein gamal veteran er ein som ikkje er aktiv meir så saure er det! Eit intervju kva er vel det? Eg er lei av dei Jærbladaktige intervju så det skal eg prøva og holda meg utanfor.**

Det er måndagskveld og eg er i gong på datamaskinen for å skriva alt dette ned. Det er ein regnfull og stormakti kveld augo mine held eg oppe med fyrstikkar, ikkje det at eg røykar, men det er alltid greit å ha nokre slike på lager i tilfelle eg vert lei av hybelen min. Det som i grunnen er intervjuet kjem no ( Betre seint enn aldri).



Navn: Leif Jakob Flesjå.  
Alder: 24 men vert om ikkje alt for lenge 25 år.  
Sivilstatus: gift med Silje.

Det er laurdags kveld og eg skal velje ut eit offer eg kan ”torturera” med dei rare og dummaktig formulerte spørsmåla mine. Valet fell på Leif Jakob det var vel ikkje eit dumt val?. Eg fyre laus med det eg har på hjarta, for dei som kjenner meg veit at eg ikkje er redd for å gå rette på sak:

Frå lått til alvor så kjem eg med spørsmåla mine famlande:

Koss lenge har du gått i ungdomslaget? -Ja det kan du riktig spør om! Eg er ikkje heilt sik... jo nå veit eg det sidan den gong eg begynte i 7. klasse det må ver sånn sirkus? Før han får svart seiar eg: det er om lag 11 år sidan det. Kanskje var eg litt for rappkjefta? Kanskje skulle eg latt bankmannen rekna det ut sjølv? Men, men...

)korleis meiner du utviklinga på Stikki har vore? Han tenkjer ei stund og flimrar sikkert litt innom gamle dagar før han svarar: jo... den har vore variert... ehh. Eg trur i alle fall me legger meir vekt på det åndelege no enn før. Før var det mykje bråk og slikt men no er det på rett veg!!!

Korleis tykkjer du arrangementa er no i forhold til før? -Før var det meir vekt på underholdninga Torolf, Leffi og TØS hadde, medan no er det meir variabelt , men stort sett bra. Det som er bra no er jo att det er lagt meir vekt på det åndelege.

Tykkjer du det var meir alvorlegt før enn no, grunningjev svaret. -Nei svarar han med ein gong og ler på Leif Jakob vis. For at det ikkje skal verta så mykje skriving på meg så finn du svaret over!

Kvifor har du og kvifor går du i u-laget? -Det er for meg no heilt naturleg, du opplever både herjing og diverse anna. Det er mange kjente her. Eg er jo med i styret. Det er sosialt.

Til slutt spør eg deg: Kan du gi eit godt råd til korleis arrangementa kan bli gjennomført betre. Han svarar utruleg fort: PLANLEGG I TIDE.

Saure!! Då var eg ferdig for denne gong vonar at dykk har hatt ei grei leseopplevelse og lagre det mest vesentlege i hovudet. Heeeei.

### Ein fredagskveld på Stikk Innom

*Tekst: Camilla Mjøltnes, Foto: Gøril Bleie, Marie Lunde*

**Fredag 4 januar, 2002 kl 20.00 va de ein vanleg kveld på Stikk Innom. Eg, Camilla, hadde som oppdrag å skriva någen or om den fysste Stikk Innom kvellen dette åre.**

Kenneth Falkeid å Bjarne Håvard Skeiseid hadde ansvar. Hovudansvare låg på Bjørnar Joakimsen. Di jor ein go jobb. De va mången folk denne vakre vinterkvelden. Di fleste mydlå 12 å 40 år...

Tatlingå jekk jamt å trutt blant goe venner, d gjekk vel mest i nyttårsforsett...

Bernt Johan Austbø holdt andakt. Han talte om at du kan gli sakte vekk fra Gud, sjøl om du ikkje merke de sjøl. De blei sunge vakre salmar med musikk, sjøl om nok mange gleda seg te pianoe sko ble stemmt udøve vegå... Itte den tankevekkane andakten blei de tatling ijenn. Biljardbore va ein stor attraksjon denne kvellen... Snobe va og ein gjengangar.

I elleve, tolv tiå blei de bønnestonn på lofte. Ein koselige samling.

Som vanlikt måtte me vasska opp itte oss. Litt rod her å der, ka jer nå de? Ja,ja, Bjørnar Bleia tog ett godt tag om kosten å feia både her å der. Alt hjelpe... Då de va skinnanne reimt i kvar ein verdenskrok, blei dørene låst å folk sto udføre å frøys. Koffor konne ikkje dørene bare vore åpne litt lenger?

Då va altså den fysste fredagskvellen i de nya åre omme, å folk gjekk glade kvar (eller fleire) til sitt.

